



Turngruppeleiar Hege Lekva – her med dottera Sigrid (2) - tek fatt på ein ny sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne hausten blir idrettsskulen organisert med fleire instruktørar, fortel turngruppeleiar Hege Lekva til uskedalen.no foran trimsesongen som startar måndag i Aktivitetshuset.

Dei skal innom mellom anna leikar, turn, friidrett, orientering, klatring, ballspel og karate. Dei fleste instruktørane kjem frå Uskedalen og er foreldre til barna. Men dei kjem også til å leige inn instruktør til mellom anna karate.
- Vi treng fleire instruktørar etter jul, så hvis nokon har lyst til å vera med er det berre å ta kontakt, seier Hege.

Step-partiet er først ute på måndag med Anette Sund som instruktør og onsdag går det sleg i slag. Først i aksjon er seniortrimmarane, som Gunvor Myklebust har teke på seg og leia også denne sesongen. Så kjem barnetrimmen for gruppa frå tre til fem år med Gina Hella Myklebust som instruktør og tredje post på onsdagsprogrammet er idrettsskulen som er for gruppa frå første til fjerde klasse.

Aerobic er sett opp som siste post på onsdagsprogrammet og med Anette Sund som instruktør. Aerobic for fjerde til sjette klasse ser diverre til å gå ut fordi dei ikkje har klart å skaffa instruktør.

- Men hvis nokon har lyst og mogelegheit er det kjempeflott. Ta i så fall kontakt med nokon i turngruppa, seier Hege.

Med seg i gruppa har ho Elin Enes, Janne Hjørnevåg, Anne-Grete Sjo, May Kjersti Stensletten og June Løland.

Gymstick som vart ein suksess i sist sesong kjem att også i år og startar 11. september med Janne Hjelmeland som instruktør.

Av Ola Matti Mathisen